

Alver kommune

Vass- og avløpsgebyr 2022

Vedteke av Alver kommunestyre med heimel i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr vedtatt 19.12.2019, revidert etter vedtak i kommunestyret 17.12.2020.

Kommunestyret vedtar årleg nytt gebyrregulativ i samband med budsjettbehandlinga.

Tilknytingsgebyr er et eingongsgebyr som skal betalast for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Gebyret skal betalast ved tilknytning av:

- a) Ved nybygg
- b) Når bygd eigedom blir tilkople kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg
- c) Når kommunen krev bygd eigedom tilkople kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg
- d) Eksisterande bygg med tilkopling som ikkje er godkjent
- e) Anna permanent tilkopling til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, til dømes vatningsanlegg, idrettsanlegg med meir

For bustad- og fritidseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per bueining.

For nærings- og kombinasjonseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning reknast etter totalt bruksareal. Bruksareal reknast etter NS-3940. Landbrukseigedomar følgjer satsane for bustad- og fritidseigedomar når det gjeld tilknytingsgebyr.

Tilknytingsgebyret skal vere betalt før tilknytning.

Årsgebyr for vassforsyning og avløpshandtering er todelt:

Abonnementsgebyr:

Eit fast årleg gebyr for kommunens vass- og avløpstenester.

Forbruksgebyr

Blir fastsett anten etter faktisk vassforbruk basert på vassmålar eller etter stipulert forbruk i høve til bruksarealet. Bruksareal reknast etter NS-3940. Det vert differensiert mellom bueiningar med bruksareal inntil 90m² og over 90m². Stipulert forbruk er 100 m³ for bruksareal inntil 90 m² og 200 m³ for bruksareal over 90 m².

Ved utrekning av årsgebyr vert avløpsmengda i utgangspunktet sett lik vassforbruket, etter prinsippet vassmengd inn er lik vassmengd ut.

Differensiert abonnementsgebyr:

Abonnementsgebyret er differensiert ut frå brukskategoriar:

- a) Bustad- og fritidseigedom: per bueining
 - b) Nærings- og kombinasjonseigedom (verksemder, landbruk mv.): per brukseining
-

Vassmålaravlesing:

Abonnentar som har vassmålar betalar ein årleg leige for vassmålaren.

Alle vassmålalarar skal lesast av ein gong kvart år innan 31. desember. Målarstand skal rapporterast på vassmålarkort og sendast til kommunen elektronisk eller som brevpost.

Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

Abonnenten har rett til reduksjon i gebyr ved feil eller mangel ved vassforsyninga i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag. Abonnenten har rett til redusert gebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar. Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold hjå kommunen, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Krav om redusert gebyr må fremjast innan to månader etter at situasjonen oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Gebysatsar (alle satsar er inklusiv meirverdiavgift):

Årleg abonnementsgebyr (kr/år)	Eining/tal	Vatn		Avløp	
		2021	2022	2021	2022
Bustad- og fritidseigedom	Per bueining	750	828	613	654
Nærings- og kombinasjonseigedom	Per brukseining	750	828	613	654

Forbruksgebyr (kr/m ³)	Vatn		Avløp	
	2021	2022	2021	2022
Alle abonnentar	19,10	21,65	19,71	20,63

Stipulert forbruk (kr)	m ²	m ³	Vatn		Avløp	
			2021	2022	2021	2022
Kategori 1	0-90	100	1.910	2.165	1.971	2.063
Kategori 2	Over 90	200	3.820	4.330	3.942	4.126

Vassmålarleige (kr/år)	Vatn	
	2021	2022
Per måler	312,50	312,50

Tilknytingsgebyr (kr)	Eining/tal	Vatn		Avløp	
		2021	2022	2021	2022
Bustad- og fritidseigedom	Per bueining	15.000	15.000	15.000	15.000
Nærings- og kombinasjonseigedom, fast sum	Per brukseining	15.000	15.000	15.000	15.000
Nærings- og kombinasjonseigedom, fast tillegg	Per kvadrat (kr/m ²)	62.50	62,50	62.50	62,50

Reduksjon i årsgebyret for abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp:

Forbruksgebyr avløp blir redusert med gjeldande sats for slamgebyr. I tillegg blir forbruksgebyr avløp redusert med kr 1.000 som kompensasjon for eige ansvar for vedlikehald av tank.

Gebyrreduksjon i årsgebyret i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag:

Årsgebyret blir redusert med 0,3 % per påbegynte døgn utover det første døgn.

Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar:

Dersom abonnenten ikkje les av målareren som fastsett i lokal forskrift, vil kommunen stipulere forbruket inntil 4 gonger. Deretter vil kommunen ta avlesinga, med oppmøtegebyr: kr 1.000,- per eigedom.

Forfallsdatoar for kommunale gebyr:

30. mars, 31. juli og 30. november

Dømer på gebyrutrekning**Stipulert forbruk - Bustadeigedom (120 m²):**

Vatn: $828 \text{ kr} + (200 \text{ m}^3 \times 21,65 \text{ kr/m}^3) = 5.158 \text{ kr}$

Avløp: $654 \text{ kr} + (200 \text{ m}^3 \times 20,63 \text{ kr/m}^3) = 4.780 \text{ kr}$

Målt forbruk - Nærings- og kombinasjonseigedom (500 m³ – 1 brukseining):

Vatn: $828 \text{ kr} + (500 \text{ m}^3 \times 21,65 \text{ kr/m}^3) + 312,50 \text{ kr} = 11.966 \text{ kr}$

Avløp: $654 \text{ kr} + (500 \text{ m}^3 \times 20,63 \text{ kr/m}^3) = 10.969 \text{ kr}$

Målt forbruk - Nærings- og kombinasjonseigedom (2.500 m³ – 2 brukseiningar):

Vatn: $(828 \text{ kr} \times 2) + (2.500 \text{ m}^3 \times 21,65 \text{ kr/m}^3) + 312,50 \text{ kr} = 56.094 \text{ kr}$

Avløp: $(654 \text{ kr} \times 2) + (2.500 \text{ m}^3 \times 20,63 \text{ kr/m}^3) = 52.883 \text{ kr}$